

Arbeidsløysa kraftig ned

Arbeidsløysa i Kvinnherad har gått kraftig ned det siste året. Ved utgangen av april var det 207 personar utan jobb i kommunen, det er 60 ned frå same månad året før.

Kvinnherad har med dette tre prosent arbeidsløysa, noko som er nest minst i Sunnhordland. Berre Etne har lågare arbeidsløysa med 1,7 prosent. Stord har 3,4 prosent arbeidsløysa, totalt 470 personar.

Kritisk for Vaksenopplæringa

Rådmannen jobbar intenst med å skaffa Vaksenopplæringa nye lokale på Husnes.

I dag er Vaksenopplæringa spreidd på ulike lokale på Husnes, ein situasjon som gjer dårlege arbeidstilhøve. Rådmannen er i full gang med arbeidet for å finna tenlege lokale for denne eininga.

– Det er no ein kritisk situasjon for Vaksenopplæringa. Vi må finna nye lokale så snart som mogleg. Vi er i dialog med fleire utleigarar, opplyste rådmann, Odd Ivar Øvregård, i kommunestyremøte.

To meldingar om promillekøyning

Rett etter klokka 22 på laurdag fekk politiet melding om mogleg promillekøyning i Uskedalen. Føraren vart stansa av politiet, men det viste seg at han ikkje hadde promille.

Rundt midnatt same kveld fekk politiet på ny melding om mogleg promillekøyning. Medan dei var ute og leita etter bilen, fekk dei endå ei melding om same bilen, som hadde vore i nærkontakt med ein annan bil på Kaldestad. Føraren hadde køyrd slik at spegelen på bilen hadde dunka borti spegelen til ein bil han passerte.

Politiet leita etter bilen resten av natta, men fann han ikkje, og fekk ikkje kontrollert føraren.

– Trass i at den første meldinga var falsk alarm, og vi ikkje fann den andre føraren, set vi pris på at folk følgjer med og melder frå, seier Torgeir Fosse ved Kvinnherad lensmannskontor.

Festdag i Rosendal då Erna



SNORKLIPP: Statsminister Erna Solberg klipper snora for det nye Folgefonnsenteret tysdag.

Opning: Det var reine folkefesten på Skålakaien då det nye senteret for klimaforskning, kunnskap og turisme opna tysdag føremiddag.

MONA GRØNNINGEN
mona@kvinnheringen.no

ELISABETH BERG HASS
elisabeth@kvinnheringen.no

Både Rosendal og Kvinnherad fekk god PR denne dagen. TV2 sendte direkte-tv frå bygda alleie frå klokka 06.55 om morgonen, og NRK Hordaland dekkja også hendinga, i tillegg til lokalpressa.

Dagen opna med «pressefrukost» på Rosendal Turisthotell.

– I dag er vi utruleg stolte – dette er ein stor dag for heile Kvinnherad! sa Knut Førland,

som er styreleiar i Stiftinga Folgefonnsenteret.

Han skrytte blant anna av Øystein Skaala, forskar i Havforskningsinstituttet, og ein av dei som har jobba med å utvikla senteret dei siste 15 åra.

– Han er ein av dei som skal ha stor takk for at han aldri gav opp trua.

Folgefonnsenteret er eit fyrstærn, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt –

det byr på større moglegheiter enn folk trur, sa Førland.

Folgefonnsenteret er ein ideell sjøveigande institusjon, men er realisert takka vere fleire store aktørar, som kommunane Jondal, Ullensvang, Odda, Etne Kvinnherad, Havforskningsinstituttet, Bjerknessenteret/Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune.

– Bygget har kosta 31 millionar kroner eksklusiv moms, vi har brukt 13 millionar på utstillingar, men i tillegg har frivillige lagt ned enormt mykje. Derfor trur eg vi kan seia at det totalt er lagt ned nær 50 millionar kroner til saman – og det utan låneopptak. Fantastisk! la Førland til.

Til stades på pressefrukosten i tillegg til han var blant andre professor Jostein Bakke (Institutt for geovitenskap, UiB),

Fakta FOLGEFONNSENTERET

- Opplevings-, forskings- og læringscenter i Rosendal, og ein ideell, sjøveigande institusjon som er skipa av kommunane på Folgefonnhalvøya, (Jondal, Ullensvang, Odda, Etne Kvinnherad) og Universitetet i Bergen.
- Føremålet med stiftinga er å driva Folgefonnsenteret som eit senter for forskingsbasert kunnskapsformidling kring tema knytt til Folgefonna, landskapet og fjordsystema kring Folgefonnhalvøya.
- Senteret er fagleg forankra i Havforskningsinstituttet, Bjerknessenteret /UiB og Besøkscenter nasjonalpark Folgefonna.
- Finansiert gjennom eit spleiselag av lokale kommunar, næringsliv og Hordaland fylkeskommune.
- Den faglege profilen er utforma av Bjerknessenteret, Folgefonna nasjonalpark og Havforskningsinstituttet.

opna Folgefonnsenteret



karar. Ein av dei som har fått nytt kontor i bygget, er forskar Øystein Skaala:

– Det er litt uverkeleg for meg at opningsdagen endeleg er komen, eg skal innrømme det. Folgefonnsenteret er kompakt, men inneheld så enormt mykje, blant anna nokre av verdas fremste forskarressursar. Det er eigentleg no jobben begynner. Det fysiske er på plass, no skal vi jobba med at alle samarbeidspartnarane- og kommunane får eigarskap til Folgefonnsenteret, og brukar det. Dette har vi fått til ilag, og Folgefonnhalvøya er no i ferd med å bli ein kunnskapsregion.

Men Folgefonnsenteret inneheld også mykje spennande for besøkjande og turistar. I tillegg til at Kvinnherad Turistinformasjon og Besøkssenteret for Folgefonna Nasjonalpark har base her, er det eit opplevingssenter med spennande teknologiske løysingar, der folk blant anna kan sjå ei interaktiv utstilling om livet i Hardangerfjorden, om nasjonalparken og om klimaendringane. Det vil også bli vist fire filmar på senteret; «Av vatn er det skapt» – ei reise i det vestnorske landskapet, «Drama i Berg» – geologi, «Fjordens Liv» – om Hardangerfjorden og «Der Kronhjorten brøler».

Sissel Rogne, administrerende direktør for Havforskningsinstituttet, skrytte av det flotte senteret, og fortalde om ei gåve Havforskningsinstituttet har gitt: Eit havforskningslaboratorium kopla til kamera som skal setjast ut i sjøen, og med sondar som blant anna kan registrera temperaturen. Alt dette skal bli synleg på ein skjerm i senteret, til glede for besøkjande.

– Øystein gav meg ein «guida» tur i senteret i dag, og eg synest det var heilt magisk! Havforskningsinstituttet har aldri brukt så mykje midlar, i heile vår hundre års historie, som i har brukt på Folgefonnsenteret, sa ho.

Samarbeidsavtale med TV2

Under pressefrukosten kunne Knut Førland saman med meteorolog og programleiar Eli Kari Gjengedal dessutan avsløra ein spennande samarbeidsavtale som TV2 Skole og StormGeo har inngått med Folgefonnsenteret:

– Samarbeidet skal gå ut på formidling og læring, som er ein av grunnpilarane til Folgefonnsenteret. Avtalen inneber blant anna at Folgefonnsenteret skal vera med på å utarbeida læremateriell til skuleelevar på barne-, ungdoms- og vidaregåande skule. Denne samarbeidsavtalen gir oss unike formidlingsmuligheter, sa Førland.

Meteorolog og programleiar Eli Kari Gjengedal gledde seg stort over samarbeidsavtalen:

– Saman med Folgefonnsenteret skal StormGeo og TV2 Skole dela ferske vêrdata og naturfakta både frå Rosendal og Folgefonna, og dette skal bli ein del av kunnskapspakken som alle kommunar kan nytta seg av på sikt. Målet er også å laga til eit tilbod på Folgefonnsenteret der folk kan få laga si eiga vêrmelding, med ekte kart og vêrfakta frå området, sa Gjengedal.

Erna klypte snora

Og til slutt, i 13-tida i går, kom augeblikket mange hadde venta på: I strålende sol og med mange bygdefolk som tilskodarar fekk statsminister Erna Solberg æra av å opna det nye Folgefonnsenteret.

– Kjære statsminister, det er utruleg kjekt at du kjem og opnar. Med det viser du at Folgefonnsenteret ikkje berre er viktig for Kvinnherad. Dette skal bli eit internasjonalt fyrårn, helste Knut Førland.

På vegner av stiftinga fekk han overrekket nøkkelen til senteret av ordførar Peder Sjo Slettebø, som òg var stolt og glad på den store dagen.

– I dag får vi vist fram det flotte lokalsamfunnet vårt til alle. Vi har som mål at senteret skal lokka til seg forskarar frå heile verda, og at små og store skal læra mykje her, smilte han, og takka bidragsytarane.

Statsminister Erna Solberg gratulerte så mykje med den store dagen og det nye senteret, og sa som Slettebø at det vil bli ein base for ny og viktig kunnskap.

– Vatnet sitt kretsløp er eit sentralt tema på senteret, og dette kretsløpet er noko vi kjenner godt til her på Vestlandet, skjemta ho.

Statsministeren sa òg at ho alltid synest det er fint å koma til Kvinnherad, ein stad ho kjenner godt frå mange familiefrierar.

Fylkesmann Lars Sponheim overrekte ei gratulasjonshelsing frå Dronning Sonja. Ho hadde gitt to av sine eigne maleri i gåve til senteret, Iskanal 1 og Iskanal 2, som begge hadde fått plass på veggen rett ved inngangen.

Rektor for Universitetet i Bergen, Dag Rune Olsen, direktør for Bjerknæssenteret Tore Furevik og Havforskningsdirektør Sissel Rogne representerte innhaldsaktørane til senteret, i lag med Folgefonna nasjonalparksenter.

Etter snorklippen og blomeoverrekking frå barn frå Rosendal FUS barnehage, gjekk turen inn i senteret, der grupper fekk omvising i tur og orden.

– Må bli slutt på børninga

Politiet er ikkje nøgd med aktivitetane i Hellandskryss i samband med vârmønstringa måndag.

– Det er ein offentleg veg, den kan ikkje brukast til bilbane. Det er rett og slett ikkje greitt, seier Torgeir Fosse ved Kvinnherad lensmannskontor.

Dei siste to åra har det vore børning i Hellandskryss i samband med vârmønstringa på Husnes 1. mai.

Fosse seier det er mykje å setja fingeren på med desse aktivitetane.

– Mellom anna var det fleire uregistrerte bilar ute og kørde.

Til neste år vil politiet ta kontakt med arrangørane for å finna eit alternativ.

– Om dette skal halda fram må det skje på ein tryggare og meir eigna stad, ikkje i eit av dei mest trafikkerte kryssa på Husnes. Kanskje det kan vera mogleg å sperre av eit område eller ei vegstrekke, foreslår Fosse.

Fleire innbrot

USKEDALEN: Tjuveri skjer sjeldan i Kvinnherad. Men berre den siste månaden er det meldt om tre tjuveri i Uskedalen, og det får politiet til å reagere.

– Det er stole heilt forskjellige ting, dyre dekk på felg, ein takboks og ved. Tre tjuveri er ikkje mange, men når dei skjer i same bygda berre i løpet av ein månad, er det uvanleg. Torsdag fekk vi melding frå ein person som vakna av at vedkommande hørte folk utanfor huset sitt. Vedkommande såg ingen, og kunne ikkje sjå at noko var stole, men dette gjer at vi må gå ut og oppmoda folk om å låsa inn tingane sine. Vi håpar fleire vil melda frå til oss om dei ser mistenkjeleg aktivitet. Publikum har best auge og øyre, og kan hjelpa politiet, seier Torgeir Fosse ved Kvinnherad lensmannskontor.



FEIRA: Barn frå Rosendal FUS barnehage fekk vera med på opninga, og feira med flagg.

Øystein Skaala (Havforskningsinstituttet), Sissel Rogne (adm. dir. Havforskningsinstituttet), Karen Løvfall Våge (Folgefonna Nasjonalpark, Kvinnherad Turistinformasjon) og Linda Øen (kulturkontoret Kvinn-

herad kommune, Skaaluren-samlinga).

Innhaldsrikt senter

Senteret har eige auditorium og konferanse- og møterom, og i tillegg kontorplass til fors-

SOLSKJERMING

inntil **30%** rabatt*

*På utvalgte produkter
Gratis befarung: ☎ 04990

SCANDIC
- et solekjart valg
www.scandic.no